



Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Sogndal kommune – budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Sogndal kommunestyre har i møta 10.12.2020 og 18.02.2021, sakene 121/20 og 26/21, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Sogndal kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettet med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følge konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Oppsummering

Ved oppstart av Sogndal kommune i 2020 viste drifta større økonomiske utfordringar. Kommunen fann det difor rett å vedta og setje i verk tiltak for å redusere utgifter eller auka inntektene. Sjølv om kommunen fekk eit betre resultat i første driftsåret enn forventta, syner berekna måltal for økonomiplanperioden at det er nødvendig med ytterlegare tiltak for å skaffe balanse i driftsøkonomien.

Kommunen har ved inngangen av 2021 tilfredsstillande fri eigenkapital i drifta. Dette er ein viktig og nødvendig buffer mot uføresette hendingar med økonomisk konsekvens, og til å sikre handleevna til kommunen. Gjennomføring av ytterlegare tiltak for å skaffe balanse i driftsøkonomien må difor òg sjåast i samanheng med handleevna og bidra til utvikling og fornying av kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. På sikt vil dette òg gje moglegheiter til eigenfinansiering av investeringar og oppnå målalet for lånegjelda.



Budsjett 2021

Kommunen budsjetterer med eit negativt netto driftsresultat på 29 mill. kroner, som utgjer – 2,4 prosent av driftsinntektene. Budsjettet er balansert med bruk av disposisjonsfond på 30 mill. kroner, av dette utgjer 19,4 mill. kroner saldering av ubalanse i drifta. Etter førebels rekneskap for 2020 fekk kommunen eit netto driftsresultat på 32 mill. kroner eller 2,6 prosent av driftsinntektene. Ut frå dette har kommunen ein fri eigenkapital i drift (disposisjonsfond – meirforbruk) på 121 mill. kroner, eller 9,7 prosent av driftsinntektene. Tilsvarande tal for alle kommunar i landet (ekskl. Oslo) er 11 prosent.¹

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er til saman budsjettert med 751,7 mill. kroner, inklusiv 5,9 mill. i naturressursskatt. Prognosen til KS etter vedtaket til Stortinget om statsbudsjettet og oppdaterte folketal per 01.01.2021, er på 760 mill. kroner. Dette inkluderer 11,8 mill. kroner til dekning av meirutgifter og reduserte inntekter som følge av koronapandemien. Av dette har kommunen lagt inn 4 mill. kroner i rammetilskotet og tilsvarande auka utgifter i drifta.

Som følge av at kommunen tek imot færre flykningar, er integreringstilskotet redusert med 19,1 mill. kroner og statstilskot til einslege mindreårige flykningar redusert med 6,3 mill. kroner.

Kommunen starta i 2021 med harmonisering av eigeomsskatten frå dei tre tidlegare kommunane, og skal frå 2024 ha lik skattesats i heile kommunen på same type eigeom. Skatten er budsjettert med 67,4 mill. kroner i 2021, mot innkomen skatt i 2020 på 62,3 mill. kroner.

Avdrag er budsjetterte etter reglane for minimumsavdrag med 42,8 mill. kroner, og renteutgifter etter renteprognosar frå Kommunalbanken. Ut frå dette er renteutgiftene lagt inn med 12,4 mill. kroner, som er ei halvering samanlikna med 2020-budsjettet. Det er til drifta budsjettert med 3,5 mill. kroner i avkastning på plassering av langsiktige finansielle midlar, mot 7 mill. kroner i 2020-budsjettet.

Samla løyvingssramme for tenesteområda (sektorane) er 864 mill. kroner. Dette er ramma etter at det er vedteke nye innsparingar i 2021 på netto 16,4 mill. kroner, som er oppfølging av ein strategi vedteken i 2020.

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmiddel for til saman 75,5 mill. kroner. Dette skal finansierast med 38,8 mill. kroner i nye lån og 14,1 mill. kroner frå ubrukte lånemidlar, kompensasjon meirverdiavgift 7,4 mill., tilskot 13,7 mill., mottekne avdrag på utlån egne midlar 0,7 mill., bruk av fond 0,6 mill. og overføring frå drift 0,2 mill. kroner. Av lånefinansieringa gjeld 37 mill. kroner til avgiftsfinansierte VA-anlegg.

Førebels rekneskap for 2020 viser at kommunen har ei brutto langsiktig lånegjeld på 1,1 mrd. kroner, som utgjer 89 prosent av driftsinntektene. Tilsvarande er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 111 prosent.²

¹ og ² Kostra-tal, førebelse 2020 (kommunekassa)



Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen. Sentralt for økonomiplanen er kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning om at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid.

I økonomiplanperioden blir driftsinntektene haldne på same nivå frå 2021 til 2024, medan det er budsjettert med reduksjonar i driftsutgiftene. Dette har samband med vidareføring av planen frå 2020 med årlege innsparingstiltak, og som samla skal gje årlege innsparingar i tenesteområda på 46 mill. kroner frå 2023. Netto finansutgifter er lagt inn med ein auke frå 44,3 mill. i 2021, til 50,5 mill. kroner i 2024. Etter dette er netto driftsresultat i prosent for kvart år budsjettert negativt, frå – 2,4 i 2021 til om lag – 0,5 prosent for dei andre åra i perioden. I sum er resultatet i kroner budsjettert til – 49 mill. kroner for heile perioden. Etter overføring til investeringsbudsjettet (finansiering av KLP-eigenkapitalinnskot) og bruk av bundne fond er det negative driftsresultatet dekt med bruk av disposisjonsfond på til saman 53 mill. kroner.

I heile økonomiplanperioden 2021 – 2024 er det planlagt investeringar i anleggsmiddel for 292 mill. kroner. Av dette skal 182 mill. kroner bli finansierte med nye lån og 14 mill. kroner frå ubrukte lånemidlar. Resten er finansiert gjennom momskompensasjon, tilskot, bruk av fond, og ein mindre del er overføring frå drift. Av lånebruken vedkjem 80,6 mill. kroner avgiftsfinanserte VA-investeringar. Avdrag (ekskl. formidlingslån frå Husbanken) er budsjettert med 181,7 mill. kroner for heile perioden.

Brutto langsiktig lånegjeld er ved utgangen av 2024 for kommunekassa berekna til 1,2 mrd. kroner, som utgjer 92 prosent av driftsinntektene.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Sogndal kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 prosent.
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 10 prosent.
- Lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: 75 prosent.

I budsjett- og økonomiplan for 2021 – 2024 er måltala berekna etter kommunestyret sitt vedtak:

	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	- 2,4 %	- 0,6 %	- 0,5 %	- 0,6 %
Disposisjonsfond	4,6 %	3,9 %	3,4 %	2,7 %
Lånegjeld	91 %	92 %	95 %	92 %



Statsforvaltaren sine vurderingar

Ved oppstart av Sogndal kommune i 2020 viste drifta større økonomiske utfordringar. Kommunen fann det difor rett å vedta og setje i verk tiltak for å redusere utgifter eller auka inntektene. Sjølv om kommunen fekk eit betre resultat i første driftsåret enn forventa, syner berekna måltal for økonomiplanperioden at det er nødvendig med ytterlegare tiltak for å skaffe balanse i driftsøkonomien. Dette må òg vurderast i samanheng med at det etter kommunesamanslåinga må skje gevinstrealiseringar etter ei prioritering på utvalde område.

Kommunen har ved inngangen av 2021 tilfredsstillande fri eigenkapital i drifta. Dette er ein viktig og nødvendig buffer mot uføresette hendingar med økonomisk konsekvens, og styrkjer handleevna til kommunen. Gjennomføring av ytterlegare tiltak for å skaffe balanse i driftsøkonomien må difor òg sjåast i samanheng med handleevna og bidra til utvikling og fornying av kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. På sikt vil dette òg gje moglegheiter til eigenfinansiering av investeringar, og oppnå målalet for lånegjelda.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: Vestland Revisjon, Hafstadvegen 42, 6800 Førde, postmottak@vestrev.no